



Referat frå grunneigarmøte i Berle om eit mogeleg vern av Hornelen som nasjonalpark

Tid og stad:

Berle grendahus, 13. april 2023, kl. 18.00.

Frammøtte:

Frå Statsforvaltaren i Vestland: Tore Larsen (seniorrådgjevar, naturmangfaldsseksjonen), Halvor Røssum (rådgjevar, naturmangfaldsseksjonen)

Om lag 25 stykk var til stades.

Referat:

Statsforvaltaren ved Tore Larsen orienterte om oppdraget vi har fått, og bakgrunnen for dette. Oppdraget går i fyrste omgang ut på å finne ut om det er lokal aksept for å opprette ein nasjonalpark på Hornelen-halvøya. Ein verneprosess vil ikkje bli starta utan at kommunen seier ja til dette. Før kommunen seier ja eller nei til å starte verneprosessen, ønskjer vi å ha dialog med grunneigarar og dei lokale brukarane av området. Om kommunen seier ja til å starte verneprosessen no, kan dei ombestemme seg seinare i prosessen, i alle fall til etter at alle høyringar er gjennomførte og tilrådingar er utarbeidde. Konkluderer kommunen då med eit nei, vil prosessen bli avslutta. Om verneprosessen blir starta opp vil det vere aktuelt å opprette eit rådgivande utval som er tett på arbeidet med utforming av eit verneframlegg. Kommunen blei først orientert om oppdraget i fjor vår, men prosessen har vore på vent ei stund for å få klarert spørsmålet om via ferrataen som er under bygging på austsida av Hornelen. Slik det ser ut no, kan delar av via ferrataen vere akseptabel, mens andre delar må haldast utanfor eit eventuelt verneområde.

Eit kart over kva område som er aktuelle for oppretting av nasjonalpark vart vist. Å finne ut kvar grensene skal gå vil vere ein viktig del av ein eventuell verneprosess. Presentasjonen som vart brukt ligg ute på nettsidene til Statsforvaltaren i Vestland: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/oppdrag-nye-nasjonalparkar/hornelen/>

Det vart opna for spørsmål undervegs i presentasjonen. Nokre lurte på kva restriksjonar ein mogeleg nasjonalpark vil føre til i praksis, mellom anna med tanke på hogst, via ferrata og hyttefelt. Grunneigarane fortalte også at det er aktuelt å setje opp jaktbuer i området, og lurte på kva eit mogeleg vern vil ha å seie for slike tiltak. Ein grunneigar fortalte også at det er vanskeleg å gå i land med båt i jaktterrenget i dag, og at det difor er ønskje om ei brygge eller liknande på sørsida av Hornelen-halvøya.

Statsforvaltaren svara at det er verneforskrifta som vil bestemme restriksjonsnivået, og at denne kan tilpassast lokal bruk av området og behov knytte til dette, så lenge det ikkje går vesentleg ut over



verneformålet. Dette vil vere viktige spørsmål å avklare dersom ein startar ein verneprosess. Generelt vil det i ein nasjonalpark vere forbod mot nye tekniske installasjonar, men det er opning for tilpasningar. Jakthytte og brygge er døme på tiltak som kan vere aktuelle utan at det går vesentleg ut over verneverdiane. For å kunne lage ei så god verneforskrift som mogeleg er det difor viktig med ein god kjennskap til bruken av områda. Statsforvaltaren peikte også på at det heller ikkje i dag er fritt fram for alle tiltak i området – då det allereie er regulert av andre lovverk, til dømes plan- og bygningslova.

Nokre peikte på at det er vanskeleg å ta omsyn til framtidige behov og bruksmogelegheiter for området i ei verneforskrift, då ein ikkje i dag kjenner til kva behov og ønskjer som kan kome for utvikling i området i framtida. At framtidige generasjonar aktivt kan nytte seg av dei naturverdiane som finst i området vart trekt fram som viktig for gardsbruka i Berle, og dermed også for framtida til grenda. Ein del uttrykte også at dei var redd det vil bli vanskelegare å drive jakt i området om det blir verna. Fleire av grunneigarane fortalte at dei ikkje ser positive sider ved å opprette ein nasjonalpark, og at dei er i mot dette – særleg sidan grunneigarane har forvalta området så godt fram til i dag. Statsforvaltaren peikte da på at den same uvissa om framtida er bakgrunnen for at område blir verna i dag. Det kan bli aktuelt med tiltak i område som er så utilgjengelege at dei ikkje har vore truga tidlegare, og slike arealendringar er mellom hovudårsakene til at naturområde stadig går tapt.

Det kom også spørsmål om ein eventuell nasjonalpark kan hindre at det blir gitt konsesjon til akvakulturanlegg i området, slik det har vorte søkt om i fleire gongar dei siste åra. Statsforvaltaren svara at ei verneforskrift gjeld for området som ligg innanfor verneområdegrensene, og at aktivitet utanfor verneområdet i utgangspunktet ikkje vil bli påverka av verneforskrifta. Verneforskrifta kan derimot legge restriksjonar på kva teknisk infrastruktur akvakulturanlegget kan ha inne i verneområdet, slik som forankringsinstallasjonar. Meir relevant her er gjerne at det nær verneområde og andre område med høge naturverdiar vil vere vanskelegare å få gjennomslag for å plassere ut akvakulturanlegg.

Keipen Turlag var representert på møtet, og dei spurte om eit mogeleg vern vil få konsekvensar for dei merka stiane dei har i området. Dei viste til at dei måtte fjerne ein merka sti frå Vingesetra inn i Vingen landskapsvernområde for nokre år sidan. Statsforvaltaren svara at dei sårbare helleristingane i Vingen er freda som kulturminne, og at slitasje og hærverk førte til at kulturminneområdet fekk ferdselsforbod utanom guida turar. Det er ikkje ønskeleg å kanalisere ferdsel til område med ferdselsrestriksjonar, og dette er bakgrunnen for at slike stiar ikkje bør merkast. Tilfellet med Vingen er heilt spesielt, og vi kjenner ikkje til at det vil vere behov for å gjere liknande i området rundt Hornelen.

Det vart fortalt at det på Berleneset er eit problem at mange turistar kjem på avvege i det bratte terrenget, og at dei difor hamnar inn på tuna til folk. Også på nordsida av Hornelen har det vore problem knytt til stor ferdsel. Statsforvaltaren peikte på at det vil bli oppretta eit lokalt verneområdestyre som vil råde over forvaltingsmidlar til tiltak som kan gjere utfordringane knytt til ferdsel mindre, slik som til dømes sti-utbetring, tilrettelegging og informasjonsarbeid.

Det kom spørsmål om kva som ligg i omgrepet «lokal aksept», og om kommunen har mogelegheit til å gi aksept til å starte verneprosessen sjølv om grunneigarane er imot. Statsforvaltaren svara at vårt oppdrag er å avklare med kommunane om det er aksept for å starte ein verneprosess, og at vi skal ha gjennomført dialog med grunneigarane før kommunen bestemmer seg. Fleire grunneigarar peikte på at kommunen burde ha vore til stades på dette møtet for å høyre på grunneigarane si meining om saka, sidan dei har ei så sentral rolle i den vidare prosessen. Statsforvaltaren svara at møtet var planlagt i samarbeid med kommunen, og at det truleg hadde kome noko i veggen på kort varsel. Kommunen vil bli gjort kjent med innspel og spørsmål som vart reist under møtet gjennom møtereferatet. Fleire grunneigarar peika på at det vil vere fornuftig for dei å kome med ei uttale til kommunen der dei seier kva dei meiner om saka.

Ein grunneigar spurte om det er ein tidsavgrensa konsesjon for via ferrataen, og om den kan falle bort dersom det blir nasjonalpark. Statsforvaltaren svara at dei ikkje kjenner til om det er ein tidsavgrensa konsesjon, men at det er lite truleg. Det er også avklart at dei øvre delane av via ferrata-anlegget ikkje er til hinder for ein nasjonalpark i Hornelenområdet.



I dei sørlege delane av området ligg det nokre mindre teigar. Det vart opplyst at dette er fråskilde skogsteigar, og at det i dette området også ligg ei bu. Det vart også nemnt tufter til ishus på Berleneset som kunne vere av kulturhistorisk interesse. Slike kan det i så fall vere aktuelt å restaurere i eit eventuelt verneområde.

Det vart understreka frå Statsforvaltaren at kartet vi viste berre antyda verdifull natur og slik sett ikkje er noko konkret verneforslag. Det å finne fornuftige grenser vil vere ein viktig del av ein eventuell verneprosess. Ein grunneigar viste på kartet kva område vedkommande meinte ikkje burde vere med i eit eventuelt verneområde. Det gjaldt all utmarka til garden Hestevik, heilt nord til Stormyrvatnet, samt jaktterrenget på sørsida. Det blei også nemnt at Hesteviksetra er i bruk.

Statsforvaltaren vart gjort merksam på at ikkje alle aktuelle grunneigarar i området hadde fått invitasjon til møtet. Til saman mangla det tolv namn på invitasjonslista. Dette vart oppdaga nokre dagar før møtet, og fleire av dei grunneigarane som mangla på invitasjonslista hadde derfor fått ein munnleg invitasjon på kort varsel. Nokre av dei som stod på lista hadde på grunn av påskeferie fått invitasjonen til møtet vel seint. Det vart også peikt på at fleire av namna som var på den opphavelige invitasjonslista ikkje hadde rettar i det mogelege verneområdet, og at dei difor ikkje burde vore invitert. Det var semje om at det er fornuftig å kalle inn til eit nytt møte der alle grunneigarane er inviterte og kommunen er til stades, slik at dei kan høyre kva grunneigarane meiner om eit mogeleg vern. Grunneigarane bad også kommunen om å ikkje handsame spørsmålet om lokal aksept for å starte verneprosessen i neste kommunestyremøte, men heller vente med dette.

Halvor Røssum/Tore Larsen, 18.04.2023